

Årsmelding 2021

Hardanger Kunstlag

Styret

Leiar og skrivar	Johild Mæland
Nestleiar	Jan Gunnar Strand
Kasserar og ansvarleg for fb	Siri Kvalfoss/ Knut Steinar Bu
Styremedlem og ansvarleg for kunstnarhusværet Hardanger-Berlin	Tone Tveito Eidnes
Styremedlem	Kjell-Erik Ruud
Varamedlem	Hildegunn Jordal
Nettansvarleg	Iben Mansfeld
Revisor	Britt-Eva Elje Kråkevik

Hardanger Kunstlag har hatt 5 styremøte i 2021.

I 2021 hadde laget 29 enkeltmedlemer og ein bedriftsmedlem (Utne hotel).

Årsmøtet 23. mars 2021 vart p.g.a. koronapandemien gjennomført som digitalt møte på Meet..

Arrangement og aktivitetar

- Kunstnarsamtale under leing av Mette Bleken, som fyrst var tenkt som tema på medlemsmøte, enda som filmportrett. Arvid Aga stod for filming og redigering og Mette intervjuar kunstnarane Ingunn van Etten, Svein Nå og Felicitas Aga om deira kunstnarskap.

Filmene er på 5-7-minutt og vart vist i Johanstova i Agatunet gjennom sommaren der dei tre kunstnarane hadde utstilling. Filmene ligg tilgjengeleg på heimesida til Arvid Aga og skal også leggast til med link frå kunstlaget si heimeside.

- Kunstlaget var medarrangør for kveldsarrangement i Agatunet 21.juli der ein gjorde stas på filmskaparen og journalisten samt kunstnarane. Ein såg filmene i lag, samtalte omkring korleis filmene hadde blitt til og avslutta med eit godt måltid.

Hardanger-Berlin - Kunstnarhusværet i Berlin.

Hardanger Kunstlag har sidan 2016 vore ansvarleg for leigekontrakta og administrering av ordninga. I 2020 overtok Eidfjord kommune leigekontrakta og Hardangerrådet mykje av administreringa. Kunstlaget har ansvar for økonomien. Utgiftene for kunstnarhusværet vart i 2021 betalt av eit spleiselag som besto av: Kommunane i Hardanger, Harding Puls, Hardanger Kulturråd og Vestland fylkeskommune.

Samarbeidet med Vestland fylkeskommune skal etablerast gjennom ein avtale. Intensjonen er at fylket då skal disponere 20 % av opphaldstida i leilegheita.

Desse 17 kunstnarane fekk tildelt opphald i Berlin 2021:

Benedicte Maurseth og Stein Urheim, Torbjørn Ljones, Eli Raa Nilsen, Pål Gunnar Dale, Torleif Birkeland Bay, Ådne Sandvik Dyrnesli/Ellen Løvhaug Harrison, Anne Hesvik, Pernille Rosfjord, Annlaug Marie Tolo, Aud Bækkelund, Ingunn Van Etten, Silje Solvi, Vigdis Nielsen, Inger-Kristine Riber, Kwestan Jamal Bawan,

Kjell-Erik Ruud var laget sin utsending til årsmøte i Norske kunstforeningar 24.april.

Hardanger Kunstlag er medlem i Norske Kunstforeningar.